

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunestyresalen
Møtedato: 02.03.2005 **Tid:** 15.00 – 17.45

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 5 , inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Marion Langhelle Pedersen
Janne Drevsjø
Frode Bjørnås

I staden møtte:

Sigmund Dyrhovden

Andre som var tilstade på møtet:

Avd. ing. Knut Steinsland møtte ved starten av møtet og fram til sak 11/05.

Nytilsett leiar av teknisk eining Jan Bjarne Sverresvold var med ved handsaming av sakene.

Ordfører og adm.sjef.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 4. mars 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Olaug Karin Øystese spurde om flytting av miljøstasjon på Bjørkheim.

Det bør vera ein notis i Samningen om flyttinga, samt at spesialavfallscontainaren er fjerna og at gjenbruksstasjonen må nyttast for spesialavfall.

Ho ba og om informasjon om framdrifta for bygging av barnehage på Gjerde. Det vart orientert om framdrifta.

Ho ba og om informasjon om tilbygg til hytte i Søvika. Er det nybygg eller tilbygg. Det vart orientert om byggjesaka. Eit tilbygg med nytt tak over heile hytta vil sjå ut som eit nybygg. Saka var handsama i naturutvalet som sak 24/02 den 04.06.02.

Øyvind Røen stilte seg kritisk til framdrifta på arbeidet med kommuneplan.

Han ba om informasjon om breibandsutbygging, og spurde om Kvamnett var aktuell aktør i Rolvsvåg.

Det vart orientert om søknaden som er kome inn frå oppsitjarar i Rolvsvåg og den kontakten som har vore med Telenor. Saka vil verta fremja til politisk handsaming når me har meir informasjon.

Sture Tveit viste til tidlegare spørsmål om tildeling av tomt på Lønnebakken.

Ordførar har gitt skriftleg tilbakemelding i eit internt notat til alle medlemmane i kommunestyret. Dette vert sendt ut saman med innkalling til møtet. Notat er unnateke off. innsyn.

Medlemmane i ad.hoc utval for miljø og energispørsmål var kalla inn til kl 16.30 med tanke på å få ei avklaring på arbeidet vidare.

Odd Lønnebakken og Sigmund Dyrhovden møtte av dei som er valde, og ulike arbeidsoppgåver vart vurderte. Det var semje om at utvalet skal arbeida med fylgjande problemstillingar:

Minikraftverk

- Få ut informasjon til aktuelle utbyggarar, gjerne gjennom å skipa til informasjonsmøte.
- Utarbeida retningslinjer for bygging av minikraftverk i Samnanger kommune
- På bakgrunn av desse retningslinjene koma med framlegg til område i kommunen som kan og som ikkje kan vera aktuelle for utbygging.

Naturforvaltning

- Ved som ressurs

Miljøspørsmål

- Ulike type forureining
- Miljøfyrtårn, tilskiping av informasjonsmøte for t.d. næringslivet
- Informasjon til skule/barnehage
- Bustadbygging – alternative måtar med fokus på miljøproblematikk

Det vert lagt opp til at utvalet har minst same møtefrekvens som dei faste utvala. Neste møte vert 11. april.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0011/05	04/00396 REGULERINGSPLAN FOR BJØRKHEIM.
0012/05	04/00294 NY KRAFTSTASJON SAFA SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN FOR RØYRGATE
0013/05	05/00013 DELINGSSAK GNR 24, BNR 8.

0011/05

REGULERINGSPLAN FOR BJØRKHEIM.

Framlegg til vedtak::

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming i møte:

Utvalet vedtok samrøystes å leggja planen ut til off. ettersyn med fylgjande endringar:

Føresegnene pkt. 11.6 må rettast til nordvest

Plankartet I FO2 skal ordet bading gå ut., Byggjehøgde vert sett til maks 9 m. på herberge m.m.

Vedtak:

Framlegg til reguleringsplan for Bjørkheim med føresegner dagsett 15.02.2005 vert lagt ut til off. ettersyn med dei korrigeringsane som er nemnd under handsaminga.

0012/05

NY KRAFTSTASJON SAFA

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN FOR RØYRGATE

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon for legging av røyrgate i område regulert til friluftsområde.

Inntegna bend på røyrgata må flyttast lenger oppover for at røyrgata skal koma lenger frå elva. Eventuelt må det nyttast 2 bend, eit på hjørna av smia og eit på hjørna av kraftstasjonen.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå De mottok vedtaket.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon for legging av røyrgate i område regulert til friluftsområde.

Inntegna bend på røyrgata må flyttast lenger oppover for at røyrgata skal koma lenger frå elva. Eventuelt må det nyttast 2 bend, eit på hjørna av smia og eit på hjørna av kraftstasjonen.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå De mottok vedtaket.

0013/05

DELINGSSAK GNR 24, BNR 8.

Framlegg til vedtak::

Halldor Trengereid vert i høve til plan og bygningslova § 7 og § 63 gjeve løyve til å dela i frå eit areal på om lag 550 m² frå gnr/bnr 24/8 i Samnanger kommune. Tufta skal nyttast til bustadhus. Det vert sett krav til tilkopling til kommunalt vatn og avlaup, og at vegrettane over gnr/bnr 24/8, 24/24 og 24/73 vert tinglyst.

Halldor Trengereid vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela i frå ei tuft på om lag 550 m² frå gnr/bnr 24/8. Tufta skal nyttast til bustadhus.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Halldor Trengereid vert i høve til plan og bygningslova § 7 og § 63 gjeve løyve til å dela i frå eit areal på om lag 550 m² frå gnr/bnr 24/8 i Samnanger kommune. Tufta skal nyttast til bustadhus. Det vert sett krav til tilkopling til kommunalt vatn og avlaup, og at vegrettane over gnr/bnr 24/8, 24/24 og 24/73 vert tinglyst.

Halldor Trengereid vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela i frå ei tuft på om lag 550 m² frå gnr/bnr 24/8. Tufta skal nyttast til bustadhus.